

Lagssongar

Flaumen går

Flaumen går, i Norig er vår,
bjørka sprett i dalom.
Dølakar traust og hard
rydjer fedragard.
Sjå kor det losnar i alle lidom,
skrida fer etter bergesidom.
Flaumen går, i Norig er vår,
og dølan er det som rår.

Frå fjellet rinn ein bekk so linn
millom stuv og steinar.
Av bekkjer små det vert ei å,
fagrast du skal sjå.
Høyr kor det i vatnet susar,
høyr kor det i fossen brusar!
Flaumen går, i Norig er vår
og dølan er det som rår.

Lita å, kann du forstå
kor ho fekk slikt mæle?
Bekk som rann, er vaksin mann.
Stans han um du kann.
Ingen mann kann straumen vende.
Tømmer og hus det set han på ende.
Flaumen går, i Norig er vår,
og dølan er det som rår.

Bykar stram, på gata går fram,
trur han skal oss lære.
Men ikkje eg fær støkk av deg,
sjølv eg rår min veg.
Bøndann er inkje lenger mjuke,
husbondsretten, han vil me bruke.
Retten er vår, skulda er dår,
å lyde Norigs kår.

Um seint me kjem, so er det med klem.
Me vil garden rydja.
Bondemål, kvast som stål,
gjev inkje lenger tol.
Norskt mål vil me i Norig hava,
inkje lenger med dansken kava.
Bondemål, kvast som stål,
gjev inkje lenger tol.

Blankt som gull og mjukt som ull
er det norske målet.
Som sol på fjell, som blometjeld,
som fuglesong om kveld.
Tusen års rot det hev i landet
tusen år til så skal det stande.
Flaumen går, i Norig er vår,
og dølan er det som rår.

Sommar-sol skine på jord,
så jonsokblomen laver!
Læt frå koll lur yver voll,
og dølan slær på skjold.
Av skal ho hivast lurve-hetta!
Gullhjelm lyser i morgo-gletta.
Læt frå koll lur yver voll,
og dølan slær på skjold.

Haralds verk, fjellbonde sterk
gjer no andre gongen.
Gamalt grjot av kjemperot
endå hev manndom og mot!
Kome alle, ver med på ferda,
so skal det spyrgjast i vide verda,
at Norigs mann, gjekk på og vann
atter sitt eige land!

Ivar Mortensson-Egnund

Studentsong

Tone: Sønner av Norge

Spræke studentar! ætta grå gjæve
norrøna menner på land og på sjo.
deim vil me likjast og heilt vil me læra
livsseden deira so fager og god.
Målet vårt eige vil me 'kje dylja,
det vil me bruka i ferd og i fylgje,
lila det lydt yver berg, yver bylgja,
ute og heime, men fant og med fut.

Tone: Pål sine høner

Framande læte hev leida oss lengje,
bunde vår tunga og meinka vårt mod,
kom, lat oss landlysa alt som kann stengja
vegen til likare fridom enn no.
Fyrst me er hæve og tek i av avle
driv med til dauden det framande skravlet,
set so på gravi ei soveri tavle:
"Her kviler samrøret. Fred med ditt støv".

Tone: Havet er skjønt

Spræke studentar! ætta frå gjæve
norrøna menner i fjord og i dal,
trurr vil me tenkja os lesa og stræva,
vinna oss visdom å t likam og sål.
So kann me syngja og leika og spela
lundar og slåttar på langleik og fela,
dansa, um marki er kvit utav hela
halling og springar so sprettande sprækt.

Albert Andersen (Joleik)

Songen vart laga på nyåret i 1901 og vart lenge rekna for lagsong for Studentmållaget. Songen vart prenta og klistra inn i Alvestads songbok, som ein skulle ha med på kvart møte. I 50-årsoga står det at «dei tre tonane skapte mykje 'velklang' og glede».

Sutmål

Tone: Dei vil alltid...

Me er samla ein flokk av studentar,
skulde vera av likaste slag,
utav slike som gjentorne ventar
å få råka kvar einaste dag.

Me kann lukkeleg alle oss prisa,
at me hev imillom oss her.
Lat oss difor no gjentorne visa,
kva for gutar i grunnen me er.

Her er mat nok for dei, som kann eta,
og den kunsti me kann nokon kvar,
men det kostar det der, kann de veta,
og vår råd den er inkje so rar.

På eit glas kann ein ogso få lugta,
men å drikka det – nei, er du gal?
Hev sosant du talentet ditt fugta,
ja, so er du 'kje lenger normal.

Og i dansen få gjentorne svinga,
det er unggutens kjæraste leik;
men det verkjer og slit so i bringa,
når ein gamall er vorten og veik.

Me kan syngja: Men det er det leide,
i eit mållag det ikkje gjeng an.
Preika tull i det vide og breide,
det er derimot noko me kann.

Difor hev me 'kje anna å gjera
enn å tala til gjentorne so:
De fær yver med gutarne bera,
for de fær dei 'kje likare no.

Av «Uhu»

Kven som har dikta songen og når er ukjent, men i følge 50-årsoga skjedde det truleg før 1910. Songen vart prenta i lag med «Språke studentar» og lagssongen «Flaumen går» ein gong etter 1906.